

Emnerapport

RUS100, Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk.

Haust 2012

Studienivå: Bachelor
Undervisningsspråk: Norsk

Mål og innhald

Kurset gjev ei elementær innføring i hovudlinene i russisk språk og realia og skal danna eit godt grunnlag for vidare studium i russisk.

Læringsutbyte/resultat

Studentane skal tileigna seg hovudlinene i moderne russisk grammatikk og uttale. Kurset skal gje nok dugleik til at studentane kan lesa og skriva enkle tekstar og føra ein enkel samtale på russisk. Alt på dette nivå skal studentane få innsikt i russisk kultur og samfunn, og dei skal vera godt budde til vidare studium i russisk.

RUS100 gjev grunnlag for vidare studium i russisk, men kan også koma til nytte i ei rekkje andre studium, yrke og yrkeskombinasjonar.

Pensum

Dei tolv første leksjonane av:

Birgitte Hertz, Hanne Leervad, Henrik Møller, Peter Schousboe, 2005, *Свидание в Петербурге – Møde i Petersborg* – Læsebog København (Gyldendal).

Birgitte Hertz, Hanne Leervad, Henrik Møller, Peter Schousboe, 2005, *Свидание в Петербурге – Møde i Petersborg* – Øvebog København (Gyldendal).

Studenttal:

26 registrerte studentar

Undervisning:

Kurset går over heile semesteret /12 veker med 8 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera førelesingar kombinerte med øvingar, omsetjing, lesevurdering, samtalar og liknande.

Fem (2 dobbelttimar og ein enkelttime) av dei åtte timane var undervisning nært knytt til læreverket. Denne undervisninga vart følgt opp med munnlege øvingar og munnleg trening i grupper av den russiske språkpedagogen vår.

Studentevaluering

Det vart gjennomført studentevaluering på den siste forelesinga. Det kom inn 10 svar. Eit utval av spørsmål med svar:

“Kva synest du om mengda undervisning?” (svaralternativ: For mykje – Passe – For lite)

På dette spørsmålet svarte 9 at det var passe og ein at det var for lite.

“I kva grad har du hatt fagleg utbyte av forelesingane samla sett?” (svaralternativ: I svært stor grad – I stor grad – I ein viss grad – I mindre grad – Ikkje noko utbyte)

Her svarte 8 stud. *i svært stor grad*, ein stud. *i stor grad* og ein stud. *i ein viss grad*.

“Kor fornøgd er du med førelesingane?” (svaralternativ: Godt fornøgd – Middels fornøgd – Mindre fornøgd).

8 studentar kryssa av for *Godt fornøgd* (to av desse endra svaralternativet til Svært godt fornøgd), 2 stud. svarta *Middels fornøgd*.

“Korleis meiner du undervisninga har fungert i høve til pensum?” (svaralternativ: Godt – Middels – Mindre bra)

9 studentar kryssa av for *Godt* (ein stud. la til *Svært godt*) og ein for *Middels*.

“Korleis synest du at arbeidsmengda er i høve til antal studiepoeng?” (svaralternativ: Svært høg – Høg – Passe – Ganske liten – For liten – Veit ikkje)

9 studentar svarte *Høg* og ein student *Veit ikkje*.

“Korleis vil du vurdera emnet RUS100 totalt sett?” (Karakter A – B – C – D – E – F)

6 studentar gav karakteren A, mens 4 gav B.

Samla vurdering av emneansvarleg

Mi vurdering er at kurset vart gjennomført på ein tilfredsstillande måte.

Det var stort frammøte dei første 3 vekene, men avtok då undervisninga i ex. fil. og ex. fac. begynte. Ein del stud. syntes at det vart svært mykje arbeid med dei tre emna. Det har vist seg og viser seg at studentar som av og til “skulkar”, fort får problem med å følgja med, og så fell dei etter kvart av. Den faglege progresjonen er ganske stor, noko også studentane peikar på. Emnet RUS100 har for tida ikkje obligatorisk frammøte, berre obligatoriske arbeidskrav. Men me meiner no at det ikkje var riktig å gå bort frå obligatorisk frammøte og har bestemt å innføra det igjen frå hausten 2013. For dei aller fleste studentane er semesteret med RUS100 det første semesteret på universitetet og overgangen frå vidaregåande skule til universitet er for mange ikkje enkel. Me har tru på at krav til frammøte vil slå positivt ut.

Vurderingsformer

Eksamen er todelt:

1. Skriftleg eksamen (4 timar)
2. Munnleg eksamen

Karakterane vert slått saman. Den skriftlege karakteren tel 70% og den munnlege 30%.

Eksamensresultat

Av dei 18 som leverte inn det obligatoriske antal skriftlege arbeider, møtte 15 til eksamen. Resultatet vart som følgjer:

Karakter	Antal studentar
A	3
B	3
C	3
D	3
E	1
F	2